

# Strategi for overgang barneskule til ungdomsskule



Sauda kommune

## Innleiing

Denne overgangsplanen er eit ledd i Sauda og Suldal sitt systematiske arbeid med inkluderande fellesskap og tidleg innsats for ein skule som gir like moglegheiter for alle born og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnadar.

Planen er utarbeida i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og består av ei arbeidsgruppe sett saman av representantar frå grunnskule, ungdomsskule, tillitsvald frå Utdanningsforbundet og Indre Ryfylke PPT. Gruppa har henta inn elevperspektiv og føresette sitt perspektiv via elevundersøkingar og uttale frå FAU i begge kommunar hausten 2023.

Planen er del av «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkludering.»

## I denne strategien vil me oppnå:

- Sikre ein trygg og føreseieleg start på ungdomstrinnet
- Skape eit heilskapleg og samanhengande opplæringsløp for barn og unge i Sauda og Suldal kommune
- Sikre elevane betre tilpassa opplæring som igjen fører til betre læringsutbytte
- Overføre naudsynt informasjon til beste for eleven og den vidare opplæringa i samarbeid med føresette

## Fagleg forankring:

Plan for overgang til ungdomsskule byggjer på nasjonale føringar og kommunale strategiar, blant anna på strategi for inkluderande fellesskap i barnehage og skule i Suldal kommune og verdiplakaten til Sauda kommune .

Desse dokumenta seier at kommunane ynskjer å retta eit tydeleg fokus mot inkluderande opplæring for born og unge.

Planen byggjer også på overordna del i Kunnskapsløftet – Verdier og prinsipper i grunnopplæringen, som grunngir kvifor godt og systematisk samarbeid er viktig, både i dei ulike nivåa i opplæringsløpet og mellom skule og heim.

Vidare bygger planen på Kompetansepakken for spesialpedagogikk og inkluderande praksis – 3.5  
Tidleg innsats i overganger. I kompetansepakken er det fokus på tryggleik og tilpassing fra første dag.

Stortingsmelding 6 seier at mange elevar opplever overgang som spanande og fylt av forventning med nye utfordringar, moglegheiter og med nye venner. Samstundes kan desse fasane vera kritiske og ha stor betydning for born og elevar sin trivsel, utvikling og læring.



## Viktige innsatsområde

### a) Gjere det nye og ukjente mest mogleg kjent

Vidare blir det lagt vekt på at overgangen til ungdomsskulen inneber skulebytte, nye medelever, nye lærarar og introduksjon av karakterar. Enkelte barn kan streve ekstra i forbindelse med overgang. På ungdomsskulen har ofte kontaktlærar færre timar med elevane enn det som er vanleg på Barneskulen. Dette kan innebere at det kan ta lengre tid å bli kjent og byggje tillit. Det er avgjerande med eit godt og systematisk samarbeid for å sikre ein god overgang. Eleven, foreldra og føresette skal vera aktive parter i dette samarbeidet.

### b) God informasjonsflyt

Informasjonsdeling kan være like viktig ved overgangen frå Barneskule til ungdomsskule som ved overgangen frå barnehage til Barneskule. At dei føresette kjenner til skulen sitt arbeid og verdiar, og opplever å være ein del av føresette- og skulefellesskapet, bidreg til å gje både føresette og elevar ein trygg og god overgang. Det kan og bidra til at føresette snakkar positivt om skulen, noko som gjer at elevane trivst betre og opplever å høyre til.

For å sikra tidleg innsats ved overgangen kan det vere nødvendig at den nye skulen får informasjon om forhold som kan ha betydning for elevane sin trivsel og læring. Det kan og vera aktuelt at skulen samarbeider med andre involverte aktørar i overgangsfasen. Då kan skulen setja i gong med tilrettelagde tiltak så raskt som mogleg og sikra at personalet har tilstrekkeleg kompetanse.

### c) Medverknad og tilpassing

Overganger skal være prega av kontinuitet og opplevast som trygge for borna og elevane. Det krev god planlegging, god leiing, god informasjonsoverføring og godt samarbeid på tvers av nivå og fag. Borna og elevane må få hjelp til å finna seg til rette, og både borna og elevane sjølv, og føresette må få medverka til at overgangen kan bli best mogleg. Skulane må vera spesielt merksame på at elevar som treng individuelt tilrettelagt opplæring, skal få ein god overgang.

# Årshjul overgang barneskule- ungdomsskule

## Sauda kommune

Tid	Tiltak	Innhald	Ansvar
<b>September</b>	Leirskule	Alle 7. klassingar i kommunen deltek.	Rektorar barneskule
<b>Oktober/ November</b>	Ungdomsskulen deltek i samarbeid rundt elevar med behov for individuell tilrettelagt opplæring. (Kan bruke vedlegg 2)	Delta i ansvarsgrupper eller samarbeidsmøte. Barn med tilretteleggingsbehov - utarbeiding av individuell overgangsplan. Er det behov for spesifikk kompetanse eller fysisk tilrettelegging?	Rektor barneskule bestemmer kva tid dette må startast.  Ved behov for større investeringar og tilrettelegging må ein sjå dette saman med budsjettprosessen.
<b>31. januar</b>	Pedagogiske rapportar sendast til PPT	Nytte mal for pedagogisk rapport	Rektor barneskule
<b>Januar</b>	Overføring av digitale elevmapper	Rektor på barneskulane sender klasselister for 7. trinn til arkivansvarleg på Kundetorget. Kundetorget gir tilgong kun til rektor på ungdomsskulen	Rektor på barneskule
	Hospitering: Mellomtrinnslærar hospiterer i 8.klasse.  Ungdomsskulelærar hospiterer i 7. klasse.	Besøk i vanlege undervisningsøkter med føremål om at flest mogleg lærarar blir kjent med undervisningspraksis. Sette av tid til samtale/møte etterpå.	Rektor på barneskulane og ungdomsskulen avtalar tidspunkt
<b>Februar/Mars</b>	Rektor og sosialrådgjevar deltek på foreldremøte i 7. klassane.	Bli kjent med foreldregruppa. Gi informasjon om rutinar ved skulen og ved klassesamansetting, valfag og tilvalsfag.	Rektor på barneskulane inviterer rektor og sosialrådgjevar på ungdomsskulen
	Rektor og sosialrådgjevar frå ungdomsskulen besøkjer 7.klassane.  Elevar frå tilvalsfag deltek.	Bli litt kjent. Informerer elevane om korleis det er på ungdomsskulen. Opnar for spørsmål frå elevane. Snakke med den enkelte.  Elevane informerer om tilvalsfag.	Sosiallærar ungdomsskulen
	Unge MOTivatorar frå 9.trinn besøker 7.klassane	MOT-besøk med informasjon om MOT, og om overgangen til ungdomsskulen	Unge MOTivatorar og MOT-coach frå ungdomsskulen

<b>Mars/April</b>	7. klasse besøkjer ungdomsskulen	Kvar 7. klasse blir invitert med sine lærarar på besøk til ungdomsskulen. Omvisning, enkelt måltid i kantina, ha friminutt.	Rektor og sosialrådgjevar på Ungdomsskulen
	Overgangssamtalar mellom Barneskulane og ungdomsskulen	Kontaktlærar 7. trinn bruker overgangskjema, vedlegg 1.	Rektor ved Ungdomsskulen kallar inn. Ein må rekne god tid.
<b>April/Mai</b>	7.klassingane lagar presentasjon av seg sjølv.	Overskrift: Dette er det viktig at du veit om meg!  Skal delast med den nye kontaktlæraren når denne er klar.	Kontaktlærar 7.trinn
	7.trinn blir invitert til arrangement saman med ungdomsskulen	Td: MOT-arrangement, Ungdomsklubben	MOT-coach på ungdomsskulen og ungdomsarbeidar
<b>Mai/Juni</b>	Unge MOT-ivatorar frå 9.trinn besøkjer 7.klassane	Tema: Overgongen til ungdomsskulen.	Unge MOTivatorar og MOT-coach frå ungdomsskulen
	Behov for samtale «gamal og ny» kontaktlærar?	Gjennomgang overføringskjema for kvar elev	Rektor ungdomsskule kallar inn «nye og gamle» kontaktlærarar
<b>To veker før skuleslutt i 7. trinn</b>	Offentleggjering av klasselister med kontaktlærarar nye 8. trinn	Same tidspunkt for alle skulane i kommunen.	Rektor ungdomsskule deler listene med kontaktlærarar og rektor på Barneskulane. Listene blir delt digitalt.
<b>Siste veka før ferien</b>	Nye 8. trinn besøkjer ungdomsskulen	Den nye klassen møtest og treff kontaktlærarar.	Rektor ungdomsskulen
	Brev frå ny kontaktlærar 8. trinn til nye 8. klasselevar	Sende ei personleg helsing, bilder og info til nye elevar.	Rektor på ungdomsskulen Ny kontaktlærar
<b>August</b>	Utrygge elevar – eit ekstra besøk før skulestart?	Sosiallærar kontaktar føresette til dei me veit er ekstra utrygge. Inviterer på besøk, evt. andre tiltak.	Sosiallærar.
	Velkommen til skulestart	Unge MOT-ivatorar tar imot elevane første skuledag	MOT-coach
	Foreldremøte for nye føresette 8. trinn	Informasjon ang. ungdomsskulen, MOT, skulehelseteneste og PPT. Deretter er det møter klassevis	Rektor kallar inn. Dei nye kontaktlærarane, sosiallærar, PPT, MOT og helsejukepleiar

		der ein vel klassekontaktar. Foreldra vert oppmoda om å arrangere klassemiljøtiltak der elevar og foreldre deltek for å skape eit trygt klassemiljø.	deltek. Først samla heile trinnet, deretter klassevis.  Klassekontaktar.
<b>August/ September</b>	Startsamtale skuleheim: Kontaktlærar kontaktar heimen for å høyre korleis oppstarten på Ungdomsskulen har vore. Er det noko de føresette tenkjer det er viktig at skulen veit?	Elektronisk, pr telefon eller tidlege utviklingssamtalar	Rektor på ungdomsskulen Kontaktlærar 8.trinn
	Hovedfokus tryggleik i klassen og på skulen. Få vurderingssituasjonar	Bli-kjent-aktivitetar. Kontaktlærar tett på også i friminutt. Auka tilsyn på skulen.	Kontaktlærar og skuleleiinga på ungdomsskulen
<b>Oktober</b>	Framleis ha fokus på tryggleik i klassen og på skulen.  Evaluering av overgangsplan	Bli kjent aktivitetar. Tilsyn i friminutta.  Evaluering av overgang dette året, og planlegging framover. Rektor ungdomsskule kallar inn barneskulerektorane	Kontaktlærarar og skuleleiinga.  Rektor ungdomsskule

## **Vedlegg 1: Tilbakemeldingsskjema frå barneskule til ungdomsskule**

Ungdomsskulen ynskjer at de vurderer eleven sin kompetanse i dei grunnleggjande dugleikane lesing, skriving, rekning og munnleg dogleik i henhold til læreplan.

\*Når ein skal vurdere korleis eleven fungerer sosialt og emosjonelt må ein sjå eleven i det klassemiljøet denne er ein del av. Har det vore eit trygt og godt klassemiljø?, og kva rolle har eleven hatt i klassen? Om eleven har hatt aktivitetsplan bør dette kome fram.\* Ungdomsskulen ynskjer oversikt over fråver siste skuleår.

Det er ynskjeleg at kvar klasse blir vurdert i eit felles dokument.

Ein vurderer kompetanse ut frå følgjande mal; **Strevar- meistrar noko -meistrar godt -meistrar svært godt.**

Namn	Strevar	Meistrar noko	Meistrar godt	Meistrar svært godt	Fråvær dagar /timar	Anna informasjon/Gode tiltak
Lesing:						
Skriving:						
Munnleg:						
Rekning:						
Sosialt*:						
Emosjonelt*:						

Namn	Strevar	Meistrar noko	Meistrar godt	Meistrar svært godt	Fråvær dagar /timar	Anna informasjon/Gode tiltak
Lesing:						
Skriving:						
Munnleg:						
Rekning:						
Sosialt*:						
Emosjonelt*:						

Namn	Strevar	Meistrar noko	Meistrar godt	Meistrar svært godt	Fråvær dagar /timar	Anna informasjon/Gode tiltak
Lesing:						
Skriving:						
Munnleg:						
Rekning:						
Sosialt*:						
Emosjonelt*:						

Namn	Strevar	Meistrar noko	Meistrar godt	Meistrar svært godt	Fråvær dagar /timar	Anna informasjon/Gode tiltak
Lesing:						
Skriving:						
Munnleg:						
Rekning:						
Sosialt*:						
Emosjonelt*:						

Namn	Strevar	Meistrar noko	Meistrar godt	Meistrar svært godt	Fråvær dagar /timar	Anna informasjon/Gode tiltak
Lesing:						
Skriving:						
Munnleg:						
Rekning:						
Sosialt*:						
Emosjonelt*:						

Namn	Strevar	Meistrar noko	Meistrar godt	Meistrar svært godt	Fråvær dagar /timar	Anna informasjon/Gode tiltak
Lesing:						
Skriving:						
Munnleg:						
Rekning:						
Sosialt*:						
Emosjonelt*:						

Namn	Strevar	Meistrar noko	Meistrar godt	Meistrar svært godt	Fråvær dagar /timar	Anna informasjon/Gode tiltak
Lesing:						
Skriving:						
Munnleg:						
Rekning:						
Sosialt*:						
Emosjonelt*:						

Namn	Strevar	Meistrar noko	Meistrar godt	Meistrar svært godt	Fråvær dagar /timar	Anna informasjon/Gode tiltak
Lesing:						
Skriving:						
Munnleg:						
Rekning:						
Sosialt*:						
Emosjonelt*:						

Namn	Strevar	Meistrar noko	Meistrar godt	Meistrar svært godt	Fråvær dagar /timar	Anna informasjon/Gode tiltak
Lesing:						
Skriving:						
Munnleg:						
Rekning:						
Sosialt*:						
Emosjonelt*:						

## **Vedlegg 2: Samtalemål i samband med overgang frå barneskulen til ungdomsskulen for elevar med behov for ekstra tilretteleggingar.**

(Ungdomsskulen noterer informasjon frå møtet)

### **A. Beskriv eleven sine styrkar og eventuelle utfordringar knytt til punkta under:**

- \*Sosialt samspel med jamaldrande og vaksne
- \*Sjølvstende i læringsaktivitetar, både individuelt og i samarbeid med andre:
- \*Fagleg motivasjon, sjølvkjensle og lærelyst:

Punkt B gjeld der det har vore behov for tilpassingar i læringsmiljøet for eleven.

### **B. Kva har behova bestått i? Kva har barneskulen positive erfaringar med?**

Punkt C gjeld der det er nødvendig med utfyllande informasjon

### **C. Relevant informasjon ungdomsskulen treng for å kunne tilpasse ordinær opplæring**

- \*Språklege utfordringar (forstå og uttrykke seg munnleg, lesing og skriving)
- \*Korleis er måloppnåinga i basisfaga?
- \*Erfaringar om kva læringsstrategiar som er nyttige for eleven.
- \*Motoriske utfordringar
- \*Behov for reguleringsstøtte eller anna
- \*Fråver (jamnt foredelt eller i periodar)

Punkt D gjeld når det er behov for ekstra/særskilt tilrettelegging.

### **D. Ved behov for ekstra/særskilt tilrettelegging**

- \*Har skulen og foreldre/føresette samarbeid med andre instansar? Viss ja; kva instansar?
- \*Har eleven vedtak om individuelt tilrettelagt undervisning (tidlegare: spesialundervisning) etter opplæringslova?
- \*Er det behov for fysisk tilrettelegging knytt til syn, hørsel, motorikk eller anna? Viss ja: Kva handlar den tilrettelegginga om?
- \*Treng eleven mykje emosjonell støtte?

Viss ja: Kva støtte har ein god erfaring med så langt, og kva er viktigast å gjera og ta omsyn til vidare med tanke på å fremje både tryggheit og sjølvstende?

\*For fleirspråklege elevar som ikkje har norsk som morsmål:

Kor lenge har eleven snakka norsk i det daglege? Har eleven, eller har eleven hatt, vedtak etter § 2-8?  
Beskriv kort eleven sine munnlege og skriftlege ferdigheiter.

## Revisjon

2. versjon 04.12.24

- Endra forsidebilete og verdiplakat lagt inn i plan
- Endra formatering
- Ingen innhald endra

1.versjon, desember 2023

- Faggruppe i samband med tilskotsordning «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkludering.» Gro Melstveit og Trude Nilsen Høiland leiande fagpersonar frå Sauda kommune, i partnarskap med HVL, Suldal kommune og tillitsvalte.